



KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

2025 - 2036
VÅGÅ KOMMUNE

Samandrag

Kommuneplanen for 2026-2036 bygger på Vågå kommune sin visjon: Våg å leve. Vågå skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrum.

Kva legg vi i det:

Inkluderande

- Vi ser og tek vare på kvarandre
- Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
- Vi ønskjer å få fram det beste i alle

Levande

- Vi skal ha eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
- Vi skal ha gode møteplassar
- Vi skal ha lys i alle glas

Attraktivt

- Vi er stolte over bygda og det vi har
- Vi skal legge til rette for utvikling og folketalsauke
- Vi skal ivareta innbyggjarane sine behov

Vågå ligg sentralt til som innfallsport både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar. Vågå byr på eit mangfald av moglegheiter for både tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske i flotte fjellområde. Vågå har eit variert næringsliv, gode fritids- og rekreasjonstilbod, eit kulturtilbod av høg kvalitet og allsidig innhald, gode oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule. Vågå kommune ønskjer å fokusere på utvikling og moglegheiter og ta vare på grunnleggande verdiar og miljø.

Den som vel å flytte til Vågå, og bu i Vågå, skal kjenne seg trygg på at det er ein god stad å bu gjennom alle fasar i livet. Å bu i Vågå, og å flytte til Vågå, handlar om eit livsstilsval. Vågå ønskjer å vere synleg i ulike samanhengar og kanskje på litt utradisjonelle arenaer.

I Vågå skal det liggje til rette for å leve det gode liv. Å flytte til Vågå skal være eit verdival kor ein kan våge å leva sitt eige liv – Våg å leve.

Det er nokre sentrale tema som det er viktig å ta tak i, både for å møte utfordringar og for å få ei ønskja utvikling av Vågåsamfunnet. Kommuneplanens samfunnsdel tek for seg tre hovudfokusområde:

- Eit berekraftig lokalsamfunn gjennom heile livsløpet
- Attraktivitet, næringsutvikling og stadutvikling
- Natur, klima og samfunnstryggleik


For kvart av dei tre hovudfokusområda er kommunen sine utfordringar, mål og strategiar omtala i detalj

Innhald

SAMANDRAG	2
KOMMUNEPLAN	4
VISJON: VÅG(Å)LEVE	5
1. EIT BEREKRAFTIG LOKALSAMFUNN GJENNOM HEILE LIVSLØPET	7
1.1. Utfordringar.....	8
1.2. Mål – kva ynskjer vi?	8
1.3. Strategi:	9
2. ATTRAKTIVITET, NÆRINGSUTVIKLING OG STADUTVIKLING I VÅGÅ.....	10
2.1. Utfordringar.....	10
2.2. Mål – kva ynskjer vi?	11
2.3. Strategi:	12
3. NATUR, KLIMA OG SAMFUNNSTRYGGLEIK.....	13
3.1. Utfordringar.....	13
3.2. Mål – kva ynskjer vi?	14
3.3. Strategi:	14

KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen er det øvste leddet i det kommunale plansystemet, og gjev langsiktige og overordna føringar for utviklinga framover. Kommuneplanen skal ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver.



Figur 1.1: Kommuneplanprosessen (Kjelde: MDs rettleiar T-1492)

Kommunestyret vedtok 12.12.2024, sak 101/24, kommunal planstrategi for kommunestyreperioden 2024-2028. Kommunal planstrategi er eit verktøy for å fastleggje det vidare planarbeidet i kommunen og gje føringar for kva planar som skal utarbeidast eller reviderast i kommunestyreperioden. Gjennom den kommunale planstrategien er det gjort overordna vurderingar og prioriteringar av utviklingstrekk og planutfordringar i Vågå kommune. Planstrategien prioriterer revisjon av kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen.

Kommuneplanens samfunnsdelen skal vere eit verktøy for heilskapleg planlegging og vise kva område kommunen ønskjer å fokusere på i åra framover både i kommunesamfunnet og i kommunen som organisasjon. Planen skal vise kva mål vi skal strekke oss etter, og kva strategiar vi meiner kan hjelpe oss i å nå måla vi har sett oss.

Ein føresetnad for at samfunnsdelen skal ha politisk relevans og vere eit nyttig styringsverktøy, er at dei politiske prioriteringane kjem klart fram og at det blir peikt på strategiske plangrep. Kommuneplanens samfunnsdel omfattar også ein 4-årig handlingsdel som skal vise korleis den langsiktige delen skal følgjast opp. I Vågå kommune er det økonomiplanen som fungerer som handlingsdel. Økonomiplanen viser kva kommunen skal prioritere dei neste fire åra, og aktuelle tiltak må vedtakast gjennom årsbudsjettet.

Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen, slik at kommuneplanens arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vere eit kartmessig bilete av prioriteringar og strategiar i samfunnsdelen. Det er lagt opp til at revisjonsarbeidet med arealdelen startar opp når samfunnsdelen er sendt på høyring.

Det er utarbeidd ein arealstrategi, som er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen, og som skal sikre at kommunen får eit styringsverktøy med tydelege signal for hovudretninga for areal- og ressursutvikling i kommunen. Ein viktig del av revisjonsarbeidet vil vere planvask av gjeldande arealdel og reguleringsplanar for å balansere omsynet til klima- og natur og kommunen si utvikling i planarbeidet. Kommunen har også ein ambisjon om å bli arealnøytral.

Innspel frå medverknadsprosessen, statestikk og regionale og nasjonale føringar ligg til grunn for utarbeiding av kommuneplanen. Det er også teke omsyn til FN sine berekraftsmål og det er lagt særleg vekt på desse:

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET 	4 GOD UTDANNING 	9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR 	10 MINDRE ULIKSKAP 	11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN 
12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON 	13 STOPPE KLIMAENDRINGANE 	14 LIVET I HAVET 	15 LIVET PÅ LAND 	17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA 

VISJON: Våg(å)leve

Visjonen er det overordna målet for heile Vågåsamfunnet. Det skal gjeva retning for utviklingsarbeidet og vera ei rettesnor for det daglege arbeidet i kommunen. Visjonen skal vere godt kjend blant innbyggjarane og aktivt brukast i kommunal verksemd og kommunikasjon.

Vågå ligg sentralt til som innfallsport til både Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparker. Kommunen har eit rikt og variert tilbod innan friluftsliv, med alt frå fotturar og tinderangling til jakt og fiske i storslått natur. Vågå har eit mangfaldig næringsliv, eit rikt kulturliv, gode fritidstilbod og trygge oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule.

Vågå kommune ønskjer å vere ein framtidsretta kommune som legg til rette for utvikling og nye moglegheiter, samstundes som vi tek vare på natur, kultur og grunnleggande verdiar.

Den som vel å busetje seg i Vågå skal kjenne seg trygg på at dette er ein god stad å bu gjennom alle livsfasar. Å bu i Vågå er eit livsstilsval. Ein skal våge å leva sitt eige liv i Vågå. Kommunen ønskjer å vere synleg og til stades – også på nye og utradisjonelle arenaer. Den kommunale tilflyttartenesta spelar ei viktig rolle i å ta imot og følgje opp nye innbyggjarar, og bidra til at dei finn seg til rette i bygda. I Vågå skal det vere mogleg å leve det gode liv – og våge å leve det livet ein ynskjer.

Visjon: Våg(å) leve

Visjonen uttrykkjer det overordna målet for kommunen. Den skal gi retning for utviklinga av Vågåsamfunnet og vere ein felles referanse for både politiske prioriteringar og dagleg arbeid. Å velje Vågå er å velje eit liv basert på verdiar som fellesskap, natur, tryggleik og livskvalitet. Det handlar om å leve det gode livet – og å våge å leve det livet ein ynskjer. Verdiane i Vågå kommune skal vere:

Inkluderande

- Vi ser og tek vare på kvarandre
- Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
- Vi ønskjer å få fram det beste i alle

Levande

- Vi har eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
- Vi har gode møteplassar
- Vi skal ha lys i alle glas

Attraktiv

- Vi er stolte av bygda og det vi har
- Vi legg til rette for utvikling og folketalsauke
- Vi ivaretek innbyggjarane sine behov

1. Eit berekraftig lokalsamfunn gjennom heile livsløpet

Vågå kommune har 3 550 innbyggjarar (per 2. kvartal 2025), med hovudtyngda i Vågåmo sentrum. Samstundes er det sterke grender som Lalm, Sjørdalen, Skogbygda og Tessand. Kommunen har opplevd ein folketalsnedgang på om lag 500 personar dei siste 40 åra, og har ein aldrande befolkning. Dette gir store utfordringar for tenestestrukturen, særleg innan helse og omsorg, der tenestebehovet vil auke i åra som kjem. Gjennom reduksjonen av personar i yrkesaktiv alder og tilgang på arbeidskraft vil kommunen få utfordring med å oppretthalde forebyggjande tiltak for alle grupper av befolkninga samstundes som skal ivareta det auka behovet for pleie og omsorg i helsesektoren.

Allereie i 2030 vil det vere under to personar i yrkesaktiv alder per person over 67 år, og innan 2032 vil det vere fleire over 80 år enn det er barn i skulealder. Dette krev strategiske grep for å sikre berekraftige og effektive tenester. Kommunen må i større grad satse på “bu heime-løysingar”, der eldre bur i eigna bustader nær sentrum, i staden for på institusjon eller spreidd rundt i kommunen i ueigna bustader. Dette krev tilrettelegging for lettstilte leilegheiter i Vågåmo sentrum, med nærleik til butikk, lege og apotek. Dette blir ivareteke gjennom områderuleringsplanen for Vågåmo.

Demografiske endringar stiller krav til innovasjon i helse- og omsorgstenestene, og det er behov for fleire tilrettelagde bustader og tiltak som motverkar sosial isolasjon – særleg blant eldre, uføre og innvandrarak. Kommunen må legge til rette for møteplassar, deltaking og fellesskap i alle livsfasar.

Samtidig er oppvekst og kultur sentrale element i samfunnsplanlegginga. Vågå skal vere ein kommune der barn og unge veks opp i trygge og stimulerande miljø, og der kulturlivet engasjerer og samlar lokalsamfunnet. Gjennom samarbeid mellom barnehage, skule, frivillige organisasjonar og innbyggjarar skal oppvekst og kultur vere grunnpilarar i eit berekraftig samfunn.

Vågå kommune har mål om at alle barn og unge i Vågå skal oppleve eit trygt, godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø. Tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og aktiv involvering frå føresette er avgjerande for å førebyggje utanforskap og sikre gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Sosiale nettverk og frivillig innsats er avgjerande for god helse og livskvalitet. Vågå har eit rikt frivillig liv, med ein aktiv frivilligsentral og mange lag og foreiningar – ikkje minst grendelaga. Mange eldre har god helse og bidreg aktivt i lokalsamfunnet, noko som styrkjer fellesskap og sosial støtte.

Vågå kommune skal vere ein god stad å leve – for alle, gjennom heile livet. Gode levekår handlar om helse, trivsel, bustad, arbeid, sosial deltaking, tryggleik og moglegheit for utvikling. For å møte framtidask behov må kommunen tenkje heilskapleg og førebyggjande, og utvikle tenester som er berekraftige både menneskeleg og økonomisk. Dette krev samarbeid på tvers av sektorar – mellom oppvekst, helse og velferd, pleie og omsorg, næringsliv og frivilligheit.

Tenesteutviklinga skal vere prega av førebygging, kvardagsmeistring, tverrsektorielt samarbeid og koordinert oppfølging. Berekraft – både menneskeleg og økonomisk – må vere styrande for korleis kommunen organiserer og tilbyr tenestene sine.

Folkehelseperspektivet skal vere ein integrert del av all kommunal planlegging. Det handlar om å skape gode nærmiljø, fremje sunne livsstilsval og redusere sosiale skilnader. Kommunen skal «tenkje helse i alt vi gjer» og legge til rette for livsmeistring, eigenomsorg og deltaking i fellesskapet – gjennom heile livsløpet.

Inntekt og økonomi påverkar helsa, og det er godt dokumentert at der er samanheng mellom utdanning, levekår og helsetilstand. Ein for stor del av unge vaksne står utanfor arbeidslivet, og nedsett arbeidsevne aukar risikoen for langvarig sjukefråvær og tidleg tilbaketrekking frå arbeidslivet. Dette krev målretta innsats for å inkludere fleire i arbeid og aktivitet.

1.1. utfordringar

Vågå kommune står overfor fleire samansette levekårsutfordringar som påverkar innbyggjarane sin livskvalitet og deltaking i samfunnet:

- **Folketalsnedgang og aldrande befolkning:** Ein vedvarande nedgang i folketalet kombinert med ein aukande andel eldre gjev utfordringar for tenestetilbod, arbeidskraft og samfunnsbæreevne.
- **Auka behov for helse- og omsorgstenester:** Den demografiske utviklinga med fleire eldre krev styrking av helse- og omsorgstenestene, både i omfang og kvalitet.
- **Mangel på arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren:** Rekruttering til helse- og omsorgsfag er krevjande, og det er behov for tiltak som sikrar tilgang på kvalifisert personell.
- **Behov for tilrettelagde bustader med nærleik til tenester:** Eldre og personar med redusert funksjonsevne har behov for bustader med fellesareal og kort avstand til tenestetilbod.
- **Sosial isolasjon og utanforskap:** Eldre, uføre og innvandrarar er særleg utsette for sosial isolasjon, og det er behov for møteplassar og inkluderande tiltak.
- **Store helseforskjellar mellom grupper:** Det er dokumentert ulikskap i helse mellom ulike sosiale og etniske grupper, noko som krev målretta folkehelsearbeid.
- **Barnefattigdom og sosiale skilnader:** Økonomiske utfordringar påverkar barn og unge sin deltaking og utvikling, og kan føre til utanforskap.
- **Ujamn gjennomføring av vidaregåande opplæring:** Fleire unge fell frå utdanningsløpet, noko som aukar risikoen for varig utanforskap.
- **Mange unge vaksne står utanfor arbeidslivet:** Dette gir utfordringar for både individ og samfunn, og krev innsats for inkludering og arbeidstrening.
- **Aukande kompleksitet og lovkrav** knytt til tenesteproduksjon og forventning i samfunnet.

1.2. Mål – kva ynskjer vi?

Vågå kommune er eit inkluderande og helsefremjande lokalsamfunn der alle innbyggjarar har gode levekår og høve til deltaking gjennom heile livsløpet.

- 1.2.1. Gjennom aktivt arbeid klarer Vågå kommune å stabilisere folketalet
- 1.2.2. Vågå har eit robust og samanhengande helse- og omsorgstilbod, prega av førebygging, tidleg innsats, kvardagsmeistring og koordinert oppfølging.
- 1.2.3. Alle aldersgrupper har tilgang til trygge og tilrettelagde bustader, gode nærmiljø og møteplassar som fremjar fellesskap og sosial deltaking.
- 1.2.4. Barn og unge veks opp i trygge og stimulerande miljø, med tilgang til fritidsaktivitetar uavhengig av økonomi og støtte frå heim, skule og lokalsamfunn.

- 1.2.5. Ungdom gjennomfører vidaregåande opplæring og kjem i arbeid, med støtte frå eit kompetent tenesteapparat og godt samarbeid med næringsliv og NAV.
- 1.2.6. Sosiale skilnader og utanforskap blir redusert gjennom målretta innsats og samarbeid med frivilligheita og sivilsamfunnet.
- 1.2.7. Nye innbyggjarar blir integrert gjennom heilskaplege tiltak og aktiv deltaking i samfunnslivet.
- 1.2.8. Familiar og pårørande får støtte og avlasting, og tenestene er tilpassa individuelle behov basert på systematisk kartlegging.
- 1.2.9. Innbyggjarane har høg helsekompetanse og tilgang til helsefremjande aktivitetar, sunne måltid og verktøy for livsmeistring.
- 1.2.10. Vågåsamfunnet er prega av generasjonsmøte, sambruk og aktiv deltaking frå innbyggjarane i utviklinga av lokalsamfunnet.
- 1.2.11. Har nulltoleranse mot mobbing og krenkjande åtferd.
- 1.2.12. Barn og unge i Vågå opplev meistring, medverknad og framtidstru – og blir aktive deltakarar i samfunnsutviklinga.
- 1.2.13. Vågå kommune er ein attraktiv og framtidsretta arbeidsgjevar med høg kompetanse og god organisasjonskultur.
- 1.2.14. Vågå er ein del av ein struktur der det er god ressursutnytting til det beste for tenesteproduksjonen for innbyggjarane.

1.3. Strategi:

- Satse på **tidleg innsats** i alle tenester gjennom heile livsløpet, med tverrfagleg samarbeid og tidleg identifisering av risiko.
- Utvikle og bygge **tilrettelagde bustader** for eldre med fellesareal og nærleik til tenester som samstundes opnar for rullering av bustadmarknaden.
- Ta i bruk **velferdsteknologi og innovasjon** for å møte framtidige behov og sikre effektiv ressursbruk.
- Sikre gode tenester i alle steg i **omsorgstrappa** – rett teneste til rett person til rett tid.
- Styrke **rekruttering og kompetanseutvikling** gjennom samarbeid med utdanningsinstitusjonar og praksisplassar.
- Etablere **møteplassar og aktivitetstilbod** for personar med lite nettverk.
- Arbeide systematisk med **folkehelsearbeid** og sektorovergripande møteplassar for å fremje helse og trivsel.
- Utvikle forpliktande **modellar for samarbeid mellom heim, skule og barnehage**.
- Legge til rette for at alle barn kan delta i **fritidsaktivitetar**, uavhengig av økonomi.
- Satse på **sansebasert og praktisk læring** i skule og barnehage for å auke meistring og trivsel.
- Bruke NAV sitt **verkemiddelapparat** aktivt for å førebyggje fråvær og utanforskap, og sikre rask tilbakeføring til arbeid.
- Fremje god **psykisk helse** og eit samfunn som legg til rette for ein aktiv, trygg og frisk alderdom.
- Integrere **folkehelseperspektivet** i all kommunal planlegging med fokus på inkludering, deltaking og medverknad.
- Styrke arbeidet med **inkludering og integrering** av nye innbyggjarar, i samarbeid med næringsliv og frivilligheita.
- Sikre at barn og unge blir **høyrd** i saker som gjeld deira kvardag og framtid.
- Vurdere **framtidige strukturendringar** der det blir sett på betre ressursutnytting av det offentlege tenesteapparatet for å oppretthalde ein berekraftig kommuneøkonomi.
- Stimulere til auka frivilligheit.

2. Attraktivitet, næringsutvikling og stadutvikling i Vågå

Arbeidsmarknaden i Vågå er dominert av små og mellomstore verksemdar innan tradisjonelle næringar som landbruk, bygg og anlegg, reiseliv og varehandel. Kommunen sjølv er den største arbeidsgjeveren, men mange er også sysselsette innan bygg og anlegg, varehandel og primærnæringane. Landbruket spelar ei sentral rolle både økonomisk og kulturelt, og er avgjerande for å halde ved lag eit levande kulturlandskap. Trass i at talet på produsentar har gått noko ned, er samla produksjon og jordbruksareal i drift stabilt. Beitenæringa står likevel overfor utfordringar, særleg med aukande tap av dyr til jerv.

Vågå har svært låg arbeidsløyse, og både kommunen og næringslivet slit med rekruttering. Den yrkesaktive delen av befolkninga går ned på grunn av aldrande befolkning, og det blir viktig å legge til rette for at fleire står lengre i arbeid. Samstundes er det utfordrande å tilby akademiske arbeidsplassar, noko som fører til utpendling og påverkar attraktiviteten for tilflytting. Utdanningsnivået i kommunen ligg under snittet for Innlandet og landet, og Vågå har eit lågare inntektsnivå enn gjennomsnittet for både Innlandet og fastlands-Noreg. Det er òg ei uroande utvikling med talet uføre, særleg i aldersgruppa under 30 år.

For å møte desse utfordringane ligg det eit stort potensial i å vidareutvikle eksisterande næringar, stimulere til nyetableringar og styrkje gründerskap. Dette arbeidet må utviklast saman og i takt med dei andre kommunar slik at vi kan styrke regionens attraktivitet i fellesskap. Ny teknologi og moglegheita for staduavhengig arbeid kan bidra til å skape attraktive arbeidsplassar. Regionen har tilgang på mykje rein energi til konkurransedyktige prisar samstundes som vi tilhøyrar eit område med lågare arbeidsgjevaravgift enn i meir sentrale område.

Reiselivet er ein viktig del av næringslivet, med høg aktivitet om sommaren. Det finst eit uutnytta potensial for heilårsbasert reiseliv, særleg innan natur- og kulturbasert næringsutvikling. Vågå har mykje å tilby innan lokal mat, kulturarv og naturopplevingar, noko som kan styrkje reiselivet utanfor høgsesongen.

For å styrkje næringslivet er det behov for auka kompetanse, desentraliserte utdanningstilbod og meir effektiv marknadsføring. Eit tettare samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø kan fremje innovasjon og bidra til å skape nye, berekraftige arbeidsplassar.

Parallelt med næringsutviklinga har Vågå kommune arbeidd målretta med stadutvikling. I 2021 fekk kommunen stadsutviklingsmidlar frå Innlandet fylkeskommune, noko som resulterte i ein heilskapleg masterplan for Vågåmo som er eit viktig grunnlag for områdereguleringsplanen. Planen kombinerer behovet for flaumsikring med ambisjonar om å styrkje Vågåmo som bu- og næringsområde.

Stadutviklinga legg vekt på å skape eit levande og funksjonelt sentrum med gode løysingar for trafikk, mjuke trafikantar, offentlege rom og møteplassar. Prinsippa frå masterplanen skal forankrast i kommuneplanens samfunnsdel, slik at utviklinga av Vågå skjer koordinert og framtidsretta. Dette er avgjerande for å skape eit attraktivt lokalsamfunn som både kan halde på og tiltrekke seg innbyggjarar og næringsliv.

2.1. Utfordringar

Til tross for at Vågå kommune har eit variert næringsliv og eit levande sentrum, står vi overfor fleire strukturelle og utviklingsrelaterte utfordringar:

- **Liten tilgang på næringsareal:** Det er mangel på ferdigregulerte næringstomter, og Vågå Næringspark kan ikkje utvidast utan å koma i konflikt med nasjonal jordvernstrategi.
- **Få akademiske arbeidsplassar og låg kompetansetilgang:** Dette fører til utpendling og svekkjer attraktiviteten for tilflytting og etablering.

- **Sesongavhengig reiseliv:** Reiselivet har låg aktivitet utanom høgsesong, noko som gjer det vanskeleg å tilby stabile heiltidsstillingar.
- **Vanskeleg rekruttering i privat og offentleg sektor:** Næringslivet og kommunen slit med å tiltrekke seg ny arbeidskraft.
- **Låg tilgang på investeringskapital:** Dette hemmar nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande verksemdar.
- **Behov for lokal kompetanseutvikling og etterutdanning:** Det manglar tilbod om desentralisert utdanning og opplæring som er tilpassa lokale behov.
- **Utbyggingsutfordringar grunna naturforhold:** Naturrikdom, dyrka mark, elvar, flaum og skredfare gjer det krevjande å finne nye utbyggingsområde. Fortetting må skje med høg kvalitet og omsyn.
- **Utvikling må ta omsyn til lokal byggeskikk og identitet:** Nye tiltak må balansere modernisering med vern av stadens særpreg og kulturmiljø.
- **Lite synleg sentrum frå RV15:** Vågåmo er lite synleg for gjennomreisande, og det er behov for tiltak som inviterer til stopp og oppleving.
- **Bilbasert trafikkmønster:** Det er behov for å fremje gåing og sykling for å styrke fysisk aktivitet og eit meir levande sentrum.
- **Behov for å styrke koplinga mellom sentrum og næringspark:** For å sikre samspel mellom handel, tenester og næringsutvikling.
- **Avstandar** til byar og tilgang på større marknader er stor.
- Stor avstand mellom forventning frå tiltakshavar og komplisert forvaltningsregelverk.

2.2. Mål – kva ynskjer vi?

Vågå kommune har eit berekraftig og konkurransedyktig næringsliv, eit attraktivt kommunesentrum og levande grendesamfunn.

- 2.2.1. Vågå kommune er ei næringsvennleg kommune
- 2.2.2. Vågå er ein kommune med levande lokal identitet, levande kulturarv og eit mangfaldig kulturliv.
- 2.2.3. Vågå har eit aktivt og berekraftig landbruk som tek vare på kulturlandskapet og lokal verdiskaping.
- 2.2.4. Kommunen er attraktiv for etablering og utvikling av nye og eksisterande næringar, med god tilgang på regulerte næringsareal gjerne i samarbeid med andre kommunar.
- 2.2.5. Vågå er ei leiande kommune innan staduavhengige arbeidsplassar og digital innovasjon.
- 2.2.6. Reiselivet er heilårsbasert og berekraftig, med natur- og kulturbaserte opplevingar som styrkjer lokal identitet og økonomi.
- 2.2.7. Vågå har ein sterk gründerkultur med fokus på entreprenørskap og innovasjon.
- 2.2.8. Kommunen er ein strategisk samarbeidspart for næringsliv, akademia og frivillige organisasjonar.
- 2.2.9. Vågåmo er eit synleg og attraktivt besøks- og handelsstad med eit tett, konsentrert og mangfaldig sentrum prega av handel, kultur, tenester og møteplassar.
- 2.2.10. Kommunen har eit variert bustadtilbod for alle grupper, der det blir teke omsyn til grøne område, dyrka mark og verdifulle natur- og kulturmiljø.
- 2.2.11. Sentrum er tilrettelagt for gåande og syklande, med universell utforming og samanhengande grøntstruktur som fremjar fysisk aktivitet.
- 2.2.12. Næringsareala har høg arealutnytting og er godt kopla til sentrum, med god infrastruktur og tilgang til tenester.
- 2.2.13. Lokal byggeskikk og stadens identitet er ivareteken i all utvikling, med rom for bulyst og nyetablering.

- 2.2.14. God offentlig infrastruktur og kommunikasjon for å auke marknadstilgangen.
- 2.2.15. Levande grendesamfunn har gode møteplassar, tenester og infrastruktur, og kommunen legg til rette for bulyst i heile kommunen.
- 2.2.16. Vågå er ein aktiv og synleg aktør i Nord-Gudbrandsdal, og bidra til regional utvikling og samarbeid.
- 2.2.17. Våre mangfoldige naturverdiar, og naturresursar blir brukt til verdiskaping og industri, der det er fortrinn for det.

2.3. Strategi:

- Arbeide for å oppretthalde eit **levande og berekraftig landbruk**, med fokus på lokal verdiskaping og kulturlandskap.
- Stimulere til vekst i eksisterande bedrifter og nyetableringar gjennom **rådgjeving og nettverksbygging** mot verkemiddelapparatet.
- Sikre tilgang på **attraktive næringsareal og næringslokale**, med god infrastruktur og kopling til sentrum.
- Fremje **entreprenørskap i skulen** og utvikle ein sterk gründerkultur.
- Styrke **digital infrastruktur** og arbeide for etablering av **staduavhengige arbeidsplassar**, kontorfellesskap og hub'ar.
- Fremje **grøn teknologi** og stimulere til utvikling og bruk av fornybar energi, energieffektivisering og sirkulærøkonomi.
- Stimulere til **berekraftige og heilårige reiselivsprodukt**, med vekt på natur- og kulturbasert næring.
- Støtte utviklinga av **kulturnæringar og lokale arrangement**, inkludert satsinga *Vågå – ei arrangementsbygd*.
- Vidareutvikle **samarbeid med regionale aktørar** som Skåppå, næringsforening, destinasjonsselskap og Innovasjon Norge.
- Legge til rette for **kurs og etterutdanning** i samarbeid med eksterne partar for å styrke lokal kompetanse.
- Vågå kommune er ein **regional kraft** for felles utvikling som styrkar attraktiviteten gjennom å delta aktivt i interkommunale samarbeidsforum, utviklingsprosjekt og tilflyttararbeid.
- Styrke kommunikasjonsåra **“den ytre ringen”**, mellom Valdres, Nord-Gudbrandsdalen og Østerdalen.

3. Natur, klima og samfunnstryggleik

I Vågå er det store fjell- og utmarksareal som skal forvaltaast. Kommunen ligg mellom Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar. Kommunen har også 9 mindre og større naturreservat som ein følge av kommunen sin artsrikdom. Naturen og kulturlandskapet er viktig for rekreasjon, læring, friluftsliv, jakt- og fiske og kulturell identitet. Til dømes har jordbruket sitt kulturlandskap stor kulturhistorisk verdi. Vågå kommune har mykje viktig kulturlandskap og naturtypene i dette kulturlandskapet er blant dei mest artsrike vi har i Noreg, og bidreg til det biologiske mangfaldet. Verneverdige og freda bygningar er ein del av dette landskapet.

Klima- og natur heng saman og det er viktig å ha auka fokus på dette i tida framover. Vågå kommune har i kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024 – 2031 vedteke at klima og natur skal sjåast i ein samanheng og omsynet skal løftast inn i alle relevante avgjerder som kommunen gjer. Dette skal følgjast opp i kommuneplanen.

Eit trygt samfunn er ein føresetnad for at innbyggjarane skal trivst der dei bur. Tryggleik kan omfatte både personleg og økonomisk tryggleik, helse, velferd og beredskap. Mykje av tryggleiken og den daglege beredskapen blir teke i vare av ein god brannberedskap, helseberedskap og ei operativ polititeneste, men den viktigaste beredskapen ligg i å ha ei befolkning som størst mogleg grad klarer å ivareta seg sjølv og dei rundt seg.

For at lokalsamfunnet skal vere robust er det viktig at ein søker å avdekke område med auka risiko. Dette kan gjerast gjennom systematisk og kontinuerleg arbeid med å avdekke risikoområde og førebygge desse, eller kunne sette i verk skadeavgrensande tiltak.

Det er også viktig at ein kjenner til eigne og andre sine beredskapsmessige sterke og svake sider gjennom hyppig samhandling med andre offentlege og private samfunnsaktørar. Det er kommunen som må være pådrivar i dette arbeidet.

3.1. utfordringar

Vågå kommune har store naturverdiar og står overfor eit endra trusselbilette som krev styrka innsats innan klima, naturforvaltning og beredskap:

- **Klimaendringar og naturtap:** Endringar i arealbruk, nedbygging av natur og tap av biologisk mangfald er alvorlege utfordringar som krev lokal handling.
- **Behov for utsleppsreduksjon og grøn omstilling:** Vågå må bidra til nasjonale mål om utsleppskutt og samtidig sikre berekraftig utvikling.
- **Karbonrike areal under press:** Myr og skog er viktige karbonlager, og nedbygging av myr må unngåast.
- **Arealbehov for grøn energi og industri:** Omstilling til grøn energi er arealkrevjande og kan komme i konflikt med naturvern og jordvern.
- **Natur og kulturlandskap som samfunnsressurs:** Naturen er viktig for rekreasjon, identitet og helse, og må forvaltaast med omsyn til framtidige generasjonar.
- **Kulturmiljø som ikkje-fornybar ressurs:** Freda bygningar og kulturlandskap må vernast og integrerast i planlegging og utvikling.
- **Auka sårbarheit og endra trusselbilette:** Klimarelaterte hendingar, svikt i kritisk infrastruktur, ytre digitale truslar, krig og radikaliseringskrev styrka beredskap.

- **Ras og flaum som vanlege hendingar:** Naturhendingar aukar i omfang og frekvens, og kommunen må ha system for førebygging og handtering.
- **Behov for kompetent og lærande organisasjon:** Kommunen må vere rusta til å ta opp ny kunnskap og omsetje denne i praktisk beredskapsarbeid.
- Lange reiseavstandar gjer ein sårbar med tanke på responstid akutte tenester, og store samfunnsmessige kostnader knytt til forflytting for å motta nødvendig behandling.
- Naturverdiane blir ikkje tilstrekkeleg verdsett ved at det blir pålagt vern og ivaretaking av natur utan varig kompensasjon for lokalsamfunnet.

3.2. Mål – kva ynskjer vi?

Vågå kommune skal vere eit klimarobust og naturbevisst lokalsamfunn med høg beredskap og ansvarleg arealforvaltning.

- 3.2.1. Vågåmo er sikra mot flaum frå Finna og Nugga
- 3.2.2. Kommunen har redusert klimagassutslepp i tråd med nasjonale mål og bidreg aktivt til grøn omstilling og energiforsyning.
- 3.2.3. Naturressursar og karbonrike areal som myr og skog må takast omsyn til med tanke på nedbygging, og naturbaserte løysingar er prioritert i klimatiltak.
- 3.2.4. Arealforvaltninga tek omsyn til naturmangfald, jordvern og kulturmiljø, og balanserer utvikling med vern.
- 3.2.5. Naturen og kulturlandskapet er integrert i planlegging og utvikling, og vert brukt aktivt til rekreasjon, læring og identitetsbygging.
- 3.2.6. Innbyggjarane har høg medvit om klima og natur, og deltek aktivt i berekraftige val og lokalt miljøarbeid.
- 3.2.7. Vågå har ein kompetent og dynamisk beredskapsorganisasjon som samarbeider tett med offentlege og private aktørar.
- 3.2.8. Kommunen arbeider systematisk med å avdekke og førebygge risiko, og har gode rutinar for handtering av ras, flaum og andre naturhendingar.
- 3.2.9. Kritisk infrastruktur er sikra og kommunen har god beredskap for digitale truslar og svikt i kommunikasjon og energiforsyning.
- 3.2.10. Vågå kommune har etablert gode system for klimatilpassing og samfunnstryggleik som er forankra i planverk og organisasjonskultur.
- 3.2.11. Der blir lagt avgrensing på utvikling på grunnlag av nasjonale føringar må dette verdsettast og gjeva ein varig kompenserast.

3.3. Strategi:

- Ikkje leggje opp til ytterlegare avgrensingar enn det som ligg i føringane frå overordna styresmakter, men bruke handlingsrommet som ligg der.
- Kommunisere mål og strategi for **klimaarbeidet** i organisasjonen.
- Bruke vedteken **kommunedelplan for klima, energi og miljø 2024–2031** aktivt i planlegging, og revidere handlingsdelen i kommunedelplanen kvart andre år for å sikre oppdatert innsats.
- Utarbeide **areal- og naturrekneskap** ved revisjon av kommuneplanens arealdel.
- Gjennomføre **planvask** og tilbakeføre areal som ikkje bør byggjast ut. Ambisjon om å bli arealnøytral kommune.
- Sikre at nye utbyggingsområde har grundig vurdering av **naturmangfald og miljøverknad**.
- Gjennom tverrfagleg arbeid setja søkeljos på heilskapleg **risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)**.
- Utvikle ein **effektiv og operativ beredskapsorganisasjon** med målretta øving og opplæring.

- Styrke **samarbeid over kommunegrenser** i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- Auke **GIS-kompetanse** og nytte digitale verktøy for kartlegging og beredskap.
- Bruke **tilsynsnemnda for førebygde elver** aktivt i samband med ekstremnedbør og flaum.
- Arbeide målretta for å redusere risiko for **tilsikta menneskelege handling** som er i strid med vedtekne mål og planverk.
- Støtte aktivt opp om **beitenæringa**
- **Stimulere ungdommen** til bruk av natur og naturressursar